Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 20.10.2026
Vår ref: 2023/10333
Dykkar dato:
Dykkar ref:

BIR RESSURS AS BIOGASSANLEGG
Postboks 6004
5892 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Morlin Möller, 5557 2777

Rapport etter tilsyn hos BIR Biogass, 27.08.2026

Kontrollnummer: 2026.037.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 27.08.2026 hos BIR Biogass (organisasjonsnummer: 983 495 400).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har manglande førehandsdokumentasjon og mangelfull mottakskontroll av innkomande avfall
- Avvik 2: Verksemda har mangelfull dokumentasjon og kontroll med biorest

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

BIR Biogass må rette opp avvik snarast. Vi ber om at de sender Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan **15. desember 2026**.

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2023/10333.

Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Luktforhold ved anlegget
- Merknad 2: Fakling

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

BIR Biogass må betale eit gebyr på 53 800 kr for tilsynet.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Manglande førehandsdokumentasjon og mangelfull mottakskontroll av innkomande avfall

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Løyve til verksemd etter forureiningslova gitt 04.11.2024, sist endra 03.07.2026,
    - punkt 9.2 om førehandsdokumentasjon av avfall
    - punkt 9.3 om mottak av avfall

Om krava

Utsleppsløyvet, punkt 9.2

Løyvet har eit punkt om førehandsdokumentasjon av avfall:

"*Før avfall blir tatt imot må den driftsansvarlige ha tilstrekkelig dokumentasjon på avfallets opphav og innhold for å kunne vurdere om avfallet er egnet for behandling ved anlegget. Dokumentasjonen skal tilpasses avfallets opphav og innhold. Før mottak av en avfallstype skal den driftsansvarlige ha gjennomført risikovurdering for håndtering av avfallstypen på anlegget. Den videre håndteringen på anlegget må basere seg på denne.*"

Utsleppsløyvet, punkt 9.3

Løyvet har eit punkt om mottak av avfall:

"*Når avfallet kommer til anlegget skal bedriften kontrollere om informasjonen som ble sendt til biogassanlegget på forhånd stemmer med det som blir veid inn. Det må etableres rutiner for stikkprøvetaking og inspeksjon, samt kriterier for godkjenning og avvisning av avfallet.*

Avfall skal veies og registreres inn og ut av anlegget. Registreringen skal minimum bestå av avfallstype (med koder), opphav, mengder, dato for mottak, leverandør og eventuelt anlegg for videre levering. Dokumentasjon som ble sendt inn på forhånd skal også følge avfallet ved innveiing og bli registrert samtidig. Oversikt over registrert avfall skal være tilgjengelig i journal i minst fem år.

Virksomheten skal kontrollere avfallet for fremmedlegemer. Fremmedlegemer som kan vanskeliggjøre biologiske behandlingsprosesser eller forringe produktet, skal sorteres ut. Dersom anlegget mottar uåpnet emballert matavfall fra næring skal emballasjen fjernes før behandlingen av matavfallet.

Avfall som ikke kan behandles miljømessig tilfredsstillende ved anlegget, skal leveres til et anlegg med tillatelse som man er sikker at kan behandle avfallet.

Avvik i mottakskontrollen skal registreres og det skal være rutiner for å følge opp avvik og hindre gjentagelse.

Virksomheten skal informere alle kunder om hvilke avfallstyper og fraksjoner som er tillatt levert til anlegget. Avfallstyper som kan mottas og mengder som til enhver tid kan lagres går fram av tabell 1 og 2 i vedlegg 2."

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

På tilsynsdagen vart det i mottaksbingen for matavfall observert eit høgt innhald av plast og andre framandelement i mottaket for matavfall (Bilete 1). Vi kunne observere:

- plastposar
- metallboks
- glasflaske
- plastflasker
- bleieposer
- isopor/skum
- matavfallskurv i plast

Verksemda har ikkje innhenta førehandsdokumentasjon på avfallet som anlegget tek imot. Dette gjeld både husdyrgjødsel og matavfall. Biogassanlegget tek imot matavfall frå BIR-kommunane, i tillegg tek verksemda imot matavfall frå NGIR IKS (kommunar i Nord-Hordland) og Øyvar AS (Øygarden kommune). Verksemda tek vidare imot matavfall frå storkjøkken. Biogassanlegget tek også imot husdyrgjødsel frå gardar i Voss og omegn. I tillegg oppfattar vi at driftsansvarleg har liten innverknad på kvaliteten på det innkomande avfallet, mellom anna som følgje av mangelfull kommunikasjon med avfallsleverandørane.

Husdyrgjødsla som blir teken imot, kjem frå gardar i Voss-området med både storfe, sau og svin. Analysar av bioresten viser eit forhøga innhald av sink. Verksemda har ikkje vurdert om den forhøgde sinkkonsentrasjonen kan ha samanheng med mottak av husdyrgjødsel frå svinehald. Manglande forhandsdokumentasjon gjer at verksemda i mindre grad har høve til å avdekkje og følgje opp slike samanhengar.

Det ligg ikkje føre dokumentasjon frå plukkanalysar eller andre undersøkingar som kan stadfeste innhaldet av framandelement i matavfallet. Slik dokumentasjon er viktig for å ha oversikt over kvaliteten på mottatt avfall og for å kunne vurdere om avfallet er eigna for behandling ved anlegget. Verksemda tek imot matavfall frå kommunar som har ulike innsamlingsløysingar som vil kunne påverke kvaliteten på avfallet. Vidare vil det innanfor kommunane kunne vere ulikheiter i kvalitet avhengig av om matavfallet vert innsamla i fellesløysingar, frå einebustader og liknande. Verksemda har altså ikkje oversikt over innhaldet av framandelement i matavfall som blir teke inn før mottak startar.

Verksemda hadde heller ikkje dokumentasjon på effektiviteten i forbehandlinga ved anlegget. Det er derfor uklart i kva grad uønskte materialar vert sorterte ut før vidare behandling, eller om framandelementa vart fortynna.

Vidare vart det avdekt manglar ved mottakskontrollen av avfall. Verksemda kunne ikkje vise til fastsette mottakskriterium eller skriftlege rutinar for godkjenning og avvising av avfall ved mottak. Verksemda tok ikkje ut stikkprøvar frå matavfallet. Det er opplyst at BIR sine eigne sjåførar har høve til å vurdere matavfall som er levert i mottaksbingen. Dette omfattar lagring av bilete av matavfallet og utfylling av ei enkel sjekkliste. Det var lite konkrete planar om korleis desse bileta og sjekklistene skulle brukast. Det var ikkje mogleg å avvise matavfallet eller ta det ut att frå mottaksbingen.

Bilete 1: Mottaksbinge for matavfall med høgt innhald av framandelement.

Avvik 2: Mangelfull dokumentasjon og kontroll med biorest

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Løyve til verksemd etter forureiningslova gitt 04.11.2024, sist endra 03.07.2026,
  - punkt 10.3 om krav til dokumentasjon av innhaldet i bioresten.
  - punkt 10.4 om krav til bruk av biorest
- Forureiningsforskrifta §36A-12 (b og c) om gjenvinning av avfall hos ein annan aktør

Om krava

Utsleppsløyvet, punkt 10.3

Løyvet har eit punkt om krav til dokumentasjon av innhaldet i bioresten:

"*Innhold av nitrogen, fosfor, miljøgifter, tungmetaller, plast og andre urenheter i biorest skal prøvetas og dokumenteres i henhold til et prøvetakingsprogram. Den våte og den faste bioresten skal prøvetas separat. Målingene skal utføres slik at de blir representative for den aktuelle bioresten. Prøvetakingsprogrammet skal være oppdatert og ta hensyn til resultat fra testing. Analysene skal rapporteres i den årlige egenrapporten som sendes Statsforvalteren.*"

Utsleppsløyvet, punkt 10.4

Løyvet har eit punkt om krav til bruk av biorest:

"Bioresten skal håndteres i tråd med kravene i forurensningsloven § 32, avfallsforskriften kapittel 10a og øvrig regelverk. I tråd med avfallsforskriften § 10a-13 skal behandlingsanlegg for avfall som tar imot utsortert matavfall og park- og hageavfall sørge for materialgjenvinning av dette avfallet. For at biogassproduksjon skal kunne regnes som materialgjenvinning må bioresten nyttiggjøres. Det er ikke tillatt å bruke biorest fra slikt avfall til energigjenvinning eller utfylling, med mindre unntaksmuligheten i avfallsforskriften § 10a-13 andre ledd er oppfylt.
Hvis biorest skal brukes som gjødsel, kan den driftsansvarlige kun levere ut biorest til foretak som har behov for gjødsling og der bruk av biorest erstatter annen gjødsel som ellers ville ha blitt brukt på arealet."

Forureiningsforskrifta § 36A-12 om gjenvinning av avfall hos ein annan aktør

Dersom avfall bringes til annen aktør for gjenvinning, skal den driftsansvarlige for virksomheten:

b. dokumentere opplysningar frå mottakaren om kordan avfallet skal gjenvinnes,
c. opplyse mottakaren om innhald i avfallet.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda kunne på tilsynsdagen ikkje leggje fram tilstrekkeleg dokumentasjon og analyser for den våte og faste fraksjonen av bioresten. Under tilsynet opplyste verksemda at dei har hatt utfordringar med å få gjennomført nødvendige analysar hos laboratorietenester. Dette kan forklare delar av situasjonen, men fritar ikkje verksemda frå ansvaret for å dokumentere kvaliteten på bioresten som blir produsert og levert vidare.

Vidare kom det fram at verksemda manglar eit fast måleprogram for prøvetaking og analyse av produsert biorest. Eit slikt program er viktig for å sikre regelmessig kontroll med innhald og kvalitet, og for å dokumentere at bioresten kan nyttast på ein miljømessig forsvarleg måte. Som følgje av dette har verksemda levert ut biorest utan tilstrekkeleg dokumentasjon. Manglande dokumentasjon

gjer det vanskeleg for mottakarar og myndigheiter å vurdere om bioresten oppfyller krav og om han er eigna for den tiltenkte bruken.

For den faste fraksjonen av bioresten manglar verksemda òg dokumentasjon og informasjon om vidare gjenvinning eller disponering. Det er viktig at verksemda har oversikt over korleis denne fraksjonen blir handtert, og kan dokumentere at han blir gjenvunnen eller disponert i samsvar med gjeldande regelverk.

Merknad 1: Luktforhold ved anlegget

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Under tilsynet vart det registrert lukt ved buffertanken. Verksemda opplyste at årsaka kan vere knytt til filterløysinga, blant anna utfordringar med kondens, og at det kan vere behov for hyppigare utskifting av filtermedium for å redusere luktutsleppa.

Under tilsynet vart det også orientert om utfordringar knytte til brannøvingar. Verksemda opplyste at ventilasjonsanlegget stoppar når brannalarmen vert utløyst, noko som medføre luktulemper for omgjevnadene.

Når det gjeld ventilasjonsanlegget, opplyste verksemda at dette opphavleg vart prosjektert ut frå gjennomsnittstemperaturar og ikkje det reelle temperaturspennet på Voss. Dette har tidlegare ført til at ventilasjonsanlegget stansa i periodar med låg temperatur og frost.

Biorest vart lagra i hall med open port på tilsynstidspunktet. Det vart ikkje registrert lukt frå lagringa under tilsynet. Verksemda opplyste likevel at dei planlegg å halde porten lukka og etablere ventilasjonsløysingar for å redusere kondens og førebyggje luktutslepp frå lagringa.

Verksemda opplyste vidare at dei har motteke luktklager frå fleire område rundt anlegget, mellom anna frå NAF-bana og frå busetnaden på oversida av Bjørkevegen. Dette indikerer at lukt framleis er ei utfordring som krev kontinuerleg oppfølging.

Det er naturleg at eit anlegg i ein oppstarts- og innkøyringsfase kan ha behov for justeringar og optimalisering av drift og tekniske løysingar. Samstundes er det viktig at verksemda arbeider systematisk med å identifisere kjelder til lukt og gjennomfører naudsynte tiltak for å redusere ulempene for omgjevnadene. Vi vil følgje opp arbeidet med lukt ved eit seinare tilsyn.

Merknad 2: Fakling

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Under tilsynet vart det opplyst at anlegget i periodar har hatt eit relativt høgt nivå av fakling. Verksemda forklarte at dette er knytt til utfordringar med gassoppgraderingsanlegget, som ikkje har fungert stabilt til ei kvar tid. Når gassoppgraderingsanlegget ikkje er i drift, eller har redusert kapasitet, må ein større del av biogassen handterast ved fakling.

Moglegheit for fakling er nødvendig av omsyn til sikker drift, men omfanget bør haldast så lågt som mogleg. Vi legg til grunn at verksemda held fram arbeidet med å redusere behovet for fakling, førebyggje utslepp av uforbrent metan og sikre ei mest mogleg effektiv utnytting av den produserte biogassen.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at BIR Biogass må betale eit gebyr på 53 800 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 27.08.2026 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Kristin Espeset
- Morlin Möller

Kontaktperson hos verksemda:

- Øyvind Birkeland

Anlegg

Anlegget til BIR Biogass på Bjørkemoen, Voss kommune vart kontrollert under tilsynet.

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til luft
- mottakskontroll
- handtering av biorest

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova

Del 4: Annan informasjon

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, samsvar med offentleglova. Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Morlin Möller
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent